

# Strandressursar

Tang og tare

Singel og sand

Rett til sjøveg

Strandrekster – herrelaust gods





Øverst: **Tarebrenning på Jæren i 1908.**

*Foto: A. B. Wilse. Norsk Folkemuseum.*

Til venstre: **Taretørking, Klepp 1925.**

*Foto: A. B. Wilse. Norsk Folkemuseum.*

## TANG OG TARE

Havet har gitt meir enn fisk og skaldyr, kval og sel og strandrekster. Det har ved sida av også gitt tang og tare og vore ferd-sleveg for folk langs kysten i årtider. På mange måtar har tare gjennom tidene vore rekna som ein verdfull ressurs av grunn-eigarar på sjøgarden.

Bøndene la vekt på at det ikkje skulle skapa kiv og strid, og retten til å henta taren, vart delt ut nøye. Bruken av tare har nok vore vekslande. I våre dagar – i 2008 – er det knapt ein bonde som brukar tare i drifta.

Taren er ei plante – ein alge – som veks ifrå flo-målet til mange meter under havflata. Til liks med plantene treng han lys for å leva. Ulike slag tare set ikkje likt krav til lysmengdene.

Det er kamp om ressursane i havet, og taren er ikkje noko unnatak. Nå er det ikkje lenger bønder som haustar tare, men sterke økonomiske aktørar med taretrålarar og eigna reiskap for hausting før storsjøen vaskar taren på land. Taren vert ført til fabrikkar som produserer alginat. Det er eit produkt som vert brukt i mange samanhengar, ikkje minst i matvareindustrien, men og i teknisk og farmasøytisk industri.

På den andre sida er det naturvernarar som meiner at tareskogen må vernast. På somme strekningar langs kysten er det restriksjonar for hausting. Tareskogen er nemleg ein fin beiteplass for småfisk. Ein og annan har sagt at tarehaustinga har ført til endringar i strandsona.

Men det har i alle år vore endringar på sandstrekningane. Mykje sand vert til tider lagt opp og sanddynene veks. Andre gonger og i andre tidsperiodar er det rake motsetninga. Då er det slik at sanddyne- ne vert brekte ned og er i ferd med å forsvinna. Grunnane til det kan vera mange. Det kan vera straumane i sjøen, bølgehøgde, vindretning og vind-

styrke i kombinasjon med flo og fjøre. Her er det mange variable faktorar som spelar inn. Det er forresten til vanleg ikkje tareskog utanfor ei sandstrand, for sandbotn er særst dårleg grobotn for tare.

### **Mat, fôr og gjødsel**

Me skal ikkje gå særleg mange åra attende før det vart prata om vårknipa når det galdt fôr til dyra. Då var det godt med litt fersk tare der det var tomt for høy og halm og våren let venta på seg.

Det er heller ikkje ukjent at folk har turka tare og blanda han inn i matmjølet for å gjera det drygare.

P.P. Floor skreiv i 1810 etter ei reise over Jæren at "Alle påstod at et lass tare var som gjødningsmiddel likeså godt som to lass ren stallmøkk." Men Flor skreiv vidare at taren vart lite brukt på Jæren, og han meinte det var pur latskap som låg til grunn for det. Vanskar med å ta seg over dei steinete stendene kan nok vera ein god grunn til lite bruk av tare. Det var vanskeleg å koma fram til tarebrua. Gardbrukaren i 1810 hadde ikkje skitkjerre med hjul til å hjelpa seg med. Han brukte slede, eller han kløvde hesten med ei kipe på kvar side. Så skal me ha i tanken at ikkje alle eingong hadde ein hest til å hjelpa seg med. Det var ofte eigen rygg som måtte tola bøkene.

Bruken av tare som jordforbetningsmiddel har nok variert i dei ulike jærbygdene.

M. Irgens skreiv i "Jædderen. Forsøk til en Landbruksbeskrivelse" i 1872 at jærbonden har temme-



**Taresanking på Kvalbeinstranda nord for Holmestø i Hå.** Foto: Meieristyrar Johannes Sæbø, Brusand. Fotoarkivet, Hå folkebibliotek

leg lett tilgang på fleire gjødningsemne. Han nemner sildegjødning, tang, skjellsand og mergel "samt byggjødsel omkring Stavanger". Alexander L. Kieland skreiv i stykket "Når våren kommer": " – på de flate sletter vest mot havet kjørte de tare utover markene."

Største bruksområde har nok taren jamt over hatt som gjødsel. Det var to måtar taren vart brukt på. Det eine var at han vart kjørt opp og lagt i mitting eller kompost. Det vil seia at han vart kjørt i haugar etter kvart som det kom tare opp. Nokre lass med

naturgjødning vart blanda i haugen, og så vart det i tillegg kjørt på mold frå utmark og myr. Der fekk blandinga liggja og rotna til ho vart kjørt ut på åkeren om våren.

Tare vart brukt fersk og spreidd ut over enga. Andre bønder pløyde han ned til gjødning for poteter, gulrøter og korn. Irgens nemner at tareoske ikkje vart nytta som gjødning. Folk hadde fortalt at tareoska gjorde skade på vokstrane og at enga brann opp. Tare vart henta av bønder ei halv mils veg frå kysten, hevdar han.

Når taren som var kjørt ut på enga var turr og sprø, hende det at rishorva vart dregen over for å knusa siste restane, eller dei tørre inntørka restane vart raka saman og sette fyr på.

Det ser ut til at tare brukt til gjødning minkar drastisk i slutten av 1800-talet og vert bare spora-disk brukt når me kjem innpå 1900-talet. Det kom seg av at chilesalpeteren kom på marknaden. Det var effektiv nitrogengjødning som ga meir eintydig, tydeleg synleg resultat. Chilesalpeteren var konsentrert og lett å ha med å gjera i motsetnad til taren som kravde stor innsats.

Under siste verdskrigen vart likevel ein del tare brukt som gjødning. Då var det mangel på det meste, også på kunstgjødning.

### Isolasjonsmateriale

Om hausten vart ikkje all grøde ført til togs same dagen som ho vart hausta. Me skal ikkje gå så mange åra attende for å finna at gulrøter var lagde i haugar ute på åkeren for å lagrast for sal utover vin-teren og neste år og vår.

Første dagane etter at gulrøtene var lagde i haugar, vart det lagt eit lag med halm på dei for å verna dei mot vêr og vind og sol, men det var viktig at dei vart kjølte ned. Halmen vart halden på plass ved at det vart kasta på litt mold her og der. Når det vart kaldt i vêret, vart heile haugane dekte med mold. Bare øvst oppe var det ei opning for lufting heilt til termometeret viste frost. Først då vart haugane dekkja heilt med mold.

La det seg til med langvarig sterk kulde, var øykjen sala og spent føre vippekjerra og tare henta til å dekkja gulrøtene. Lufta mellom tareblada isolerte godt. Tare var difor eit godt middel til å verna kålrot, kål og anna grøde som låg ute.

### Tarerett

Kor langt tilbake i tid må me gå for å finna år og dag for avtalar og tinglysing for rett til å henta tare? Det kan vera vanskeleg å finna noko skriftleg tilfang om dette – kanskje Gulatingslova kan gje oss eit tips. Pantebøker frå 1800-talet fortel at det er bruka på garden som skiftar taren mellom seg etter greie reglar, litt ulikt frå den eine garden og bygda til den andre. Der det kom opp lite eller ingen tare, kunne bonden som kom først til staden berre ta det han fann. På eit anna strandområde med mykje tare, vart tarebrua delt opp i teigar til kvart bruksnummer.

Me skal sjå nærmare på garden Husvegg si strandstrekning frå Søndre Varhaug til grensa mot Madland. Den strekninga vart delt i tre delar. Der var tre lag som kunne henta tare på sitt tildelte område. Teigane vart bytta kvart år første januar i ordna rekkefølge. Dei på laget delte taren mellom seg "slik dei alltid hadde gjort", står det skrive i panteboka.

Det er interessant å sjå at det er nedfelt at luteigarane får tørkeplass til taren og rett til brenneplass for tareoske på grunneigaren si jord. Slik kunne ein kjøra heilt ned til tarebrua og få taren trygt inn på land.

På Husvegg brukte folk greip og la taren opp på store steinar til tørk. Det var for produksjon av tareoske. Her var det ikkje råd å koma seg ned med hjulreiskap for å henta tare til annan bruk. Bruka som låg til sjøen hadde tareveg, som han vart kalla på Varhaug, eller strandveg. Det var gardsfolket sin private veg til stranda og sjøen.

### Tarebrenning

Johannes Nærland fødd 12.05.1921 fortalde at han så vidt hadde vore med på å kjøra tare for brenning til oske på Nærland.



**Tarebrenning på Jæren 1902.**

*Foto: A. B. Wilse. Norsk Folkemuseum*

Johannes meinte at kvart bruk kunne stilla med eit avtalt tal øykjer – hesterettar – til å kjøra opp tare, og eit visst tal på menn til å lessa. Kvar gard hadde sin avtalte teig for taresanking. Det var og fast plass der taren kunne leggjast ut til tørking og brenning. Hesterettane kunne omsetjast eller leigast bort til folk, både til dei som hadde og dei som ikkje hadde strandlinje og tarerett. Brukarane på garden hadde avtale om kor tidleg om morgonen dei hadde lov til å starta arbeidet og eit klokkeslett då alle måtte slutta for dagen. På Nærland meinte Johannes Nærland at det var klokka halv sju om morgonen og fem om ettermiddagen. Desse klokkesletta varierte litt frå gard til gard. På Husvegg kunne tare kjørast sommarstid frå klokka seks om morgonen til sju om kvelden medan arbeidstida for same slags arbeid om vinteren var frå ni førermiddag til fire ettermiddag. Sommarstid vart rekna frå første april til trettiande september. Grunnen til at det var så nøye, var nok at tareoska som var produkt etter brenninga vart godt betalt, grådige og svake sjeler skulle ikkje freistast til å ta meir tare enn det som tilkom dei. På Husvegg var det avtalt at det skulle vera likt tal på hestar og folk.

På Husvegg kunne dei ikkje berga taren som dei gjorde på Obrestad eller Nærland. Stranda på Husvegg er ei einaste stor ur, så her let det seg ikkje gjera å kjøra ned med øyk og kjerre for å berga taren på land. Løysinga var å leggja taren på steinar, lufta og snu han til han vart passeleg tørr til å brenna. I godt vêr tok det to-tre dagar. Så var det å bera dei

turre flaka og få dei ned i "tarehola" der dei skulle brennast til oske.

Fastbuande på sjøgardane visste at taren måtte sankast fersk når han vart sopt på land. Det var to gode grunnar til det. Dersom ikkje taren vart teken raskt, kunne flo sjø og vind senda han til sjøs. Sverre Varhaug kan stadfesta dette fenomenet. På Husvegg kunne det vera ei god tarebru om kvelden, men om morgonen var ho borte. Det hende fleire gonger. Det synte seg at straum i sjøen og vind hadde ført alt saman til Kvasseheim. For når sjøen la opp tare, var det i uvêr. Då var det ikkje bare tare som kom på land, men og teiner og garn. Dei vart funne att i taren på Kvasseheim.

Den andre grunnen er at tare er eit levande organisk materiale som ikkje toler å verta liggjande særleg lenge før det går varme i tarebrua.

### Tareoske

Allereie kring 1760 vart det brunne ein del tare som vart seld som oske til glas- og såpeindustrien i utlandet – særleg til England og Skottland. Det er kjent at det vart skipa ut 70 tonn oske i tidsrommet 1762-1764. Tarebrenninga på 1700-talet var ikkje særleg omfattande. Dårlege kjøperekap var ein av grunnane, men det kunne og vore dårleg avsetnad.

Ei stund utpå 1800-talet vart soda teke i bruk i glasindustrien og tareoske måtte vika. Ei tid låg denne verksemda nede. Men seinare vart det ei ny tid for tareoska. Det er høgt jodinnhald i ho, og det vart etter-

spurt. Det vart brunne tare langs heile kysten. Me har allereie sett at tarebrenning var kjent på Jæren, men nå tek det heilt av. Det var Jæren som dominerte denne verksemda med 2000 tonn oske i 1913.

Det var fleire jodfabrikkar mellom anna i Lofoten, Sunnmøre, Bergen, Karmøy, Hillevåg i Stavanger og på Ogna.

Egersund Fajansefabrikk brukte tareoske i produksjonen sin.

Eitt kilo turr tare ga om lag 40 gram oske. Oska inneheld kring 15 % jod. Prisen på oska var 18-19 øre for kiloet utetter 1920-talet. Johan Wiig skreiv i Årbok for Jæren i 1952 at det var bønder som selde oske for 3000 kroner på ein vår og sommar. Det var mange som ikkje hadde så store inntekter på gardsbruket, så me skal ikkje undrast over at bøndene dreiv med tarebrenning i vanskeleg økonomiske tider. Sjølv om det var tungt og stritt, var det ei kort rid som ga mange skillingar i taska.

Odd Njærheim sa at mange nesten oppførte seg som galne. Dei var knapt ferdige med våronna før dei for til stranda med øyk, greip, ljå og rive for å sankta tare. Det var jamvel dei som brukte hesterive for å dra i land tare. Dei galnaste prioriterte taren og let våronna venta. Heile dette eventyret tok slutt i 1933. Då vart det funne andre måtar å framstilla jod på.

### Sur røyk

Sverre Varhaug kan godt minnast lukta av den sure tarerøyken. På Husvegg vart taren brunnen

nede i strandsteinane i "tarehol". Det finst mange slike plassar ein kan visa til. Dei er lett kjennelege, for steinane vart varma sterkt opp på den eine sida, og på grunn av materialspenning, skala steinen av stykke.

Taren måtte ikkje brenna med bar flamme. Det var ein av grunnane til at han ikkje måtte verta for turr. Vart det for varmt, fór ein del av joden av stad med røyken, og oska vart mindre verd.

Under verste tarebrenninga kunne det vera vanskeleg for farty som nærma seg land å få landkjenning, for det var så mykje tjukk, sur røyk som dreiv utover. Vart det dårleg silde- eller torskefiske, fekk den sure lukta frå tarebrenninga skulda for at fisken hadde rømt ut på djupare vatn.

"Paa vakre sommerdage saa man langs Jæderens Kyst fra tæt i tæt liggende Baal den hvide Røg at sige saa smaat med Luftdraget henad Stranden eller indover landet, og den eiendommelige Lugt kunde merkes lange Veie. Men hvad gjorde vel Lugten for Tarebrænderen? Han eller hun sad trofast og passede Baalet eller Milen, for at Bræendingen kunde forløbe efter alle Kunstens Regler, eller man saa Vedkommende ifærd med at samle ny tørret Tare til Baalet og i Stillhed beregne, hvormange Kroner Asken vilde indbringe." Slik skildrar J. Grude Jæren ein fin vår- eller sommardag.

Mange koner, døtrene deira og tenestejenter dreiv med tarebrenning og skaffa seg ekstra skillingar til kjøp av kjolety og klede som dei elles måtte

sett langt etter. Slik hadde dei ei ekstra inntekt på sal av oske.

I 1933 var det godt hummarfiske, og ein av karane var sterkt engasjert i det. Då han fekk spørsmål om kor jenta hans var, svara han: "Min pike er i taren".

J. Grude skreiv i 1908: *Tarebræding er en helt ny Bedrift, der er blevet en ganske betydelig Indtægtskilde for Strandbefolkningen, saavel for Gaardbrugere som mere ledige Personer af begge Kjøen.*

Då Grude skreiv dette, hadde det i alle fall vore brunne tare på Jæren i 140 år, men som me har sett var det ikkje med same intensiteten heile tida.

### **Oskenaustet**

Sverre Varhaug fortalde at det var eit naust i hamna på Obrestad som vart kalla "Oskenaustet". Der tok Jo Obrestad imot oske og selde henne vidare, jamnast til Bergen. Det kom skøyter og la til i hamna og tok imot. Dei Husvegg segla til Bergen med lasta si sjølv. Ein kar vart spurd om å vera med, men takka nei med å svara: Det er så mykje slaur i Bergen. Saka var vel at han reddast for sjølv seglturen dit.

### **Overtru**

Ein del overtru var knytta til tarebrenninga. Det er sant at det fylgde ein svært sur røyk med. Lukta var så vond at fiskarane meinte at når det ikkje var fisk å få, var det fordi fisken vart skremt frå land eller gjekk ned i djupet. Bønder som ikkje hadde tare å





Svein Efteland studerer fuglelivet på Revtangen, vadefuglane sitt haustparadis.

*Foto: Aadne Stangeland.*

brenna, meinte at røyken øydela eller i alle fall reduserte avlingane deira. Somme meinte at klimaet hadde endra seg på grunn av røyken. Det var lågare temperatur og meir regn og vind enn før.

Ei tid var det populært å ha litt tare i huset. Han var vern mot lauseld, heitte det. Tare vart og brukt som middel til å stagga laus mage. Som nemnt tidlegare, vart raudalgen – søl – tørka og molen og blanda i matmjølet for å dryga det. Tørka søl vart òg brukt til snadder. Når ein togg søl, kom saltsmaken fram.

### Matfat for fuglane

Taren skal ikkje liggja mange dagane før det er varmgang i tarebrua. Fluer og andre insekt har funne ut at her er det lagleg temperatur for eggklekking. Småfuglar i hundretal samlast og leitar i taren etter insektlarvar. Her finn dei føde. Sverre Varhaug observerte svaler som kom i flokkar om våren og flaug fram og attende over tarebrua for å fanga fluger.

Nå er det ingen som brukar taren som sjøen legg opp, men det er flott for fuglane. Lukta av den rotande taren er karakteristisk og kanskje ikkje den



## Marehalmen dempar sandflukta.

*Foto: Aadne Stangeland.*

beste, men ho høyrer med og skapar miljøet til ei strand.

### **Sanddemping**

Periodar med sterk vind har sett fart på den tørre, lause sanden og sendt han innover land som reine sandstormar. Dei siste åra har vegen langs Solastranda gjeve folk flest eit inntrykk av korleis sand kan flytta seg og leggja seg i fenner når vinden vert sterk nok. Kombinasjonen av tørr sand og vind har bøndene på sandgardane langs sjøen reddast i alle år.

Frå 1850 og eit tjuetals år seinare var det jamt med

sterk vind og stor sandflukt på sjøgardane Nærland og Skeie. Det var så gale at folk reddast at dei måtte flytta frå bruka sine. Lensmann M.A. Grude fortel at han vart kalla frå Brueland i Høyland til Nærland 30. august 1870. Folk hadde tru for at Grude hadde kunnskapar om korleis sandflukta kunne dempast. Sjølv fortel Grude at "sanddemping var ukjent" for han. Men han hadde vore på studietur i Danmark og sett korleis bartre kunne veksa lengst vest på Jylland og at skogen hadde vore ein effektiv sanddemping der. Det var langt fram til at skog kunne ha same verknad på sandgardane på Jæren, for først måtte tre plantast.

Det var steingjerde på Nærland. Resultatet var at det låg fenner med sand jamhøgt med øvste steinane på 90 -100 centimeter (2 1/2 alen). Fennene låg langt innover eng og beite og kvelte all vegetasjon under. Eigentleg hadde ikkje Grude særleg tru på at det let seg gjera å dempa sandflukta på Nærland, men han tromma likevel saman bøndene, som alle som ein forplikta seg på å vera med på å planera haugar og bratte kantar. Alt vart godt dekkja med tare, helst "tonglatare". Det var for å halda sanden på plass og for at taren skulle vera gjødning for "mulig efterfølgende Sandvegetation". Utan rikelege mengder med tare meinte Grude at ein ikkje ville lukkast så raskt og med så godt resultat. I neste omgang vart det planta marehalm og strandrør.

Sjølv lova Grude å søkja om statlege midlar til Nærlandsgarden. Det vart gjort allereie 15. september, og pengane kom. I åra som fulgte vart det planta tre, både buskfuru og kvitgran.

Då M.A.Grude 40 år seinare var ein tur på Nærland for å sjå kva resultat tare, marehalm og strandrør, furu og grantre hadde gjort, skriv han: " (jeg) Følte mig i høi Grad greben af Forandringenes umaadelige dimensioner".

Sandflukt er ikkje noko forelda fenomen. Når vinden er sterk og jordya tørr, tek sand, moldemne og frø ut på tur i våre dagar og, og oppfører seg nett slik som på 1800-talet: alt vert liggjande i fenner langs steingardane.

Men så vart det nye fjøs, og land og fastgjødsel

gjekk i same kummen. Det vart ein flytande masse som kunne spreiaast med kanonar frå gjødselvogner. Tek det til med ulidande vind, er bonden snar ut med blautgjødsel og sprøytar ut eit tynt lag som kan binda sandjorda.

### Nye tider

Første tida det vart drive med taresanking frå båt, var det småbåtar med ein mann som rek langs strendene og reiv opp tare lengst inne ved land. Då aktiviteten med taresanking auka på, vart det større båtar – taretrålarar – med spesialreiskap til å henta opp tare på djupare vatn.

Det vart aldri nokon konkurranse mellom bøndene og taresankarane om taren. Bøndene brukte ikkje lenger tare då taresankarane starta opp med å liggja over esinga og henta opp algar til store fabrikkar som produserte alginat.

### Alginat

Alginat er eit biopolymer, dvs. lange kjeder med molekylar, som har tilsvarande funksjon i taren som cellulose har for landplantene. Alginat vert nytta i matvareindustrien i mellom anna øl for at skummet på toppen skal halda seg lenge, og vidare vert det brukt i syltety og iskrem. Det skal vera over tusen ulike matvarer som får tilsett alginat, i dei fleste tilfelle på ein eller annan måte for å ta vare på konsistensen til vara.

I pastaform vert alginat brukt i tekstilindustrien,

men og til reinsing av vatn, til bindemiddel i sveiseelektroodar, og det har også fått oppgåver i papirindustrien.

Alginat eller tare vart også brukt i folkemedisinen til å stoppa laus mage, og det var ikkje urimeleg. Pulveret vert brukt som middel til å hindra kvalme og oppkast. Den geléaktige massen som alginat lagar, vert brukt av tannlegar til å ta avstøpingar av tenner.

Ein tek sikkert ikkje munnen for full ved å hevda at det framleis finst nye bruksområde for alginat.

### Industriell utnytting i Hå

Den første fabrikk for framstilling av alginat i landet vart bygt på Oгна i 1916. Fabrikk dreiv ulønsamt kring fem år til 1921. Det var dyrtid under etableringa, og kostnadene ved bygging vart store. Drifta kom i gang seinhaustes i 1919. Sjøtang AS, som fabrikk heitte, hadde frå første stund problem med å halda god kvalitet på varene og hadde vanskar med leveringar. Det skapar ikkje nett tillit hos kjøparane. I 1921 er Sjøtang konkurs. Det vart tvangsauksjon. Det nye firmaet, Norsk Tang AS, var det dei gamle eigarane som sto bak. Dei hadde tru på produkta og ville prøva seg med ny drift, men det var uråd å skaffa kapital til å starta opp att.

Hus og maskineri vart haldne ved like i alle år, heilt til 1932, då vart det liv i lokala att, men nå vart det sett i gang med jodproduksjon.

Jærens kjemiske fabrikk vart etablert i 1935 rett



**Taretråling utanfor Kvalbeinsanden og Raunen i Hå.**

*Foto: Lars Ødemotland, Jærmuseet.*

ved sida av Norsk Tang AS med formål å laga jod. Etter ei tid vart det også forsøk med å få i gang alginatproduksjon. Det går mot krig og uår på mange måtar. Største handikapp til verksemda var mangel på folk med kunnskap i framstilling av alginat.

Dei som sette i gang på Oгна hadde ikkje stor nok kapital. Framstillingsprosessane og produksjonsutstyret var ikkje godt nok utprøvd. Konsekvensen vart at produkta ikkje heldt høg nok kvalitet til at det vart levedyktige verksemder. Den æra skal initiativtakerane ha: Dei hadde tru på at alginat hadde framtida

for seg, men dei var rett og slett for tidlig ute. Det var ikkje skapt behov for produktet deira.

Nå leverer Jærkysten råstoffet til fabrikkar i Nord-Rogaland. Sjølv om det ikkje er utvinning av alginat i Hå nå, så får me verna om taren langs strendene våre. Slik kan det verta hausta tare til inntekt for trålarane, industrien og oss som brukarar av sluttproduktet alginat på alle måtar.

Det vil vera ei utfordring for oss at me ikkje øydelegg havet med forureining, men tek godt vare på den fornybare ressursen taren er.

## SINGEL OG SAND

Garborg skriv om ei sju mil lang sandstrand. Lengda på stranda frå Tungenes i nord til lengst sør i Hå skal me ikkje stilla spørsmål om, men at her er ei sju mil lang sandstrand, veit me er ei sanning med store atterhald. Stranda på Jæren vekslar med fjell som stikk i dagen, rullestein og flotte sandstrender. Nokre av dei finaste sandstrendene i landet finst her i Hå med dei karakteristiske sandkulene innanfor.

Dei siste åra har strendene og områda innanfor vore mest brukt av folk frå byane og stasjonsbyane langs jernbanen til rekreasjon med bading om sommaren og elles til turgåing heile året.

Brettsegclarar har brukt strendene og havet utanfor. Segclarane har stor glede av at her ofte er godt med vind og ikkje sjeldan er det gilde bølgjer – oller – å leika seg i. Ikkje alle har vore like glade for denne aktiviteten.

Bønder har henta sand til å støypa med. Kvaliteten på sanden har variert frå den eine strandstrekninga til den andre, og kvaliteten har jamvel vore varierende frå det eine året til det andre. Etter at Verneplanen for Jærstrendene vart vedteken, er det ingen som hentar sand til støyping – eller for den saks skuld andre føremål – lenger.

## Rett til sjøveg

Når det galdt taren, vart han som nemnt delt nøye ut på bruka som høyrde til garden. Vart eit bruk delt, så var regelen meir enn unnataket at tareretten vart delt likeleg mellom gamlebruket og det som vart skilt ifrå. Slik var det ikkje med rett til uttak av sand. Grunnen til det var nok at det var og er så ufattele-



**Sverre Varhaug ved sjøvegen på Varhaug.**

*Foto: Forfatteren.*

ge mengder med sand. Det var meir enn nok til alle. Han som hadde bruk for sand, sytte for at han hadde vegrett ned til stranda. Det var garden sin veg, ei sameige. Vedlikehaldet av vegen vart delt i roder mellom bruka på garden, litt ulik lengde alt etter storleiken på bruket.

Sjøvegen var altså ikkje sjølvsgd. Men eitt eller fleire kjerrellass med sand var heller ikkje noko problem for folk som ikkje hørde til garden. Me kjenner til at det vart henta sjøsand frå gardane inne i landet til å strø på golvet i heimehuset i eldre tider. Det lukta så friskt og godt med ny sand. Den fine sanden var og lett å sopa opp når han vart tilgrisa, og ein kunne strø på ny og rein..

Langs sjøgardane hende det nok når jordfast stein vart skoten og køyrd bort at det vart henta sand til å fylla i det tome holet.

Den mest vanleg bruken av sjøsand var til å setja opp murar til løer og heimehus.

Rullesteinsstrendene har vore ein ressurs for sjøgardane. Mange veit ikkje at det vart brukt stein frå strandgravfelta på Obrestad og Husvegg – og elles andre stader – til å steinsetja veiter med. Gravhaugane lengst sør i gravfeltet på Obrestad og dei gravene som var lettast tilgjengelege på Husvegg er nesten heilt jamna med terrenget etter steinuttak. Det er bare steinane etter sjølve gravkista som ligg att. Det er helst bare på det brattaste på Madland at steinane i gravhaugane har fått liggja i fred.

## Strandrekster – herrelaust gods

Forfattaren Tor Obrestad har skrive novella "Strandrekst" i samlinga "Sjå Jæren, gamle Jæren". Her fangar han inn det å gå langs sjøkanten og fjøresteinane etter ein storm har herja:

"Heilt frå eg var liten har eg likt å gå "på stråndå" etter storm. Rusle langs fjøresteinane og samle saman alt det stormen har slengt på land. Og det er ein slags sport. Kråkesport. Sanke restane etter ulykkene, sanke søppel. I meir skrøpelege tider og med meir skrøpelege skuter var kan hende gevinsten noko å rekne med. Nå betyr det ikkje noko til eller frå. Søppel og vrakgods er det det er. Men likevel – det er lotteriet, draumen om å vinna gevinsten, draumen om skatten på havsens botn. Lukka ligg og skin og sprattlar som ein sølvfisk i garnet."

Styresmaktene gjer eigentleg krav på alt av rekster og herrelaust gods av noko verde. Det gjeld anten rekstene er komne på land eller ligg flytande i sjøen. Lova seier at rekstene skal samlast, og så skal det haldast auksjon over funna. Inntekta av auksjonen skal sjølvsgt gå til staten.

Lovane går minst attende til Landslova av 1276 når det gjeld strandrekster. Kva for reglar og rettar som galdt før den tid, veit eg ikkje. Truleg var det gode grunnar til at lova kom. Kiv og strid mellom bønder og andre om eigedomsretten vart slutt, og så var kanskje tanken at kongen kunne få ei tilleggsinntekt.



Mannskapet frå skuta Shilito som forliste utanfor Jærkysten. Foto: Ukjent. Byarkivet i Stavanger.

Korleis det vart praktisert med å samla rekstene andre stader, veit eg ikkje, men lensmannen i Hå såg det galne i denne prosessen med samling, oppgjer for arbeidet og auksjon. Det var urimeleg og truleg reine tapet for lensmannen som skulle stå for forretninga. Det målbare han. Halda auksjon over pinnane og betala ut bøndene for å ha samla dei saman? Kor mykje ville folk by for rekstene? Nei, la bøndene ha det dei fann. Her var det ikkje noko att for lensmannen og staten eller kongen som det heitte før i tida. Slik har det vore seinare.

Det kunne nok like fullt vera litt av kvart av verdi å finna i strandkanten. Det skjønner me av kontrakten om prestegarden på Hå frå 1872 mellom paktar

Martin Edland og sokneprest H. Landstad. Der heiter det mellom anna: *"Af den Strandrægsel som paa Prestegaardens Strand maatte nedkomme, har Forpagteren det halve Udbytte, mod at han paatager sig tilsyn med Stranden og bjerge hvad der maatte indkomme"*. Dersom det ikkje hadde vore noko verdi på rekstene, hadde ein slik servitutt heller ikkje vore teken med i kontrakten.

Mange gonger seinare har lovane om strandrekster vorte endra og justerte. Det vart særleg aktuelt då oljeindustrien starta opp verksemda i Nordsjøen. Då kom det ein internasjonal avtale mot dumping i havet.

## Trelasthandel i Arkhangelsk og på elvane i Sibir

Før i tida kom fraktefarty seinhaustes og tidleg om våren og la seg til i Bøvågen i Karmsundet. Desse fartya dreiv med trelasthandel om sommaren. Skipperane låg i Karmsundet og venta på at isen skulle gå i Kvitsjøen og på dei store elvane i Sibir før dei kunne dra for å handla trelast der.

Då skipsrom var fulle, vart det lasta på dekk. Men Nordsjøen er ikkje alltid like blid, og mest utsette for eit ublidt møte, var nok båtane seinhaustes. Då det leita på, var det skipperen sitt ansvar å gje ordre: La gå! Dekkslasta for til sjøs, og mange av dei heldige finnarane var jærnbønder.

Dekkslasta kunne vera bord og plank, props og kubb. Props var rundtømmer som vart brukt til å sikra gruvegangane i kolminene i England. Kubb var kortare rundtømmer, men bruken er eg ikkje sikker på, det er nemnt at det kanskje gjekk til papirindustrien.

Verdet av det som har kome rekande frå tid til anna, kan me rekna litt på når me veit at det er sett opp både heimehus og løer av det som har vore funne. Sverre Varhaug sa at dersom det vart funne ein props, var han aldri aleine. Det var meir eit spørsmål om å få rette vinddraget. Ein gong kom det i land 2000 kubb. Bedehuset som vart bygt på Nærbo i 1890, vart sett opp av trelast frå ei havarert skute, Marco Polo. To heimehus på Obrestad vart bygde av trelast frå same strandinga.

Det har vore litt ulik praksis på gardane når det



**Slike vrakrestar finn me fleire plassar langs Jærkysten. Dette er restane etter kjøleskipet "Nordfrost" som stranda november 1967. Foto: Forfattaren.**

galdt kven som hadde rett til å sankta strandrekster. Det vanlege var at det var folk på garden som sankta, og dei hadde sine faste plassar til å leggja funna sine på. Det hende aldri at det var nokon som rørde, dvs stal av det ein annan hadde samla saman. Folk frå andre gardar og folk elles kunne nok samla seg rek-



ster, men dei hadde ikkje veg til å få det heim. Det måtte i så fall vera å spørja om lov til å kjøra over annan manns eigedom. Det var slik regelen vart hevda og respektert.

Hårrgardane delte rekster av større verde medan tråsaveden vart samla kvar for seg. Tråsaved er småved av bordendar, kassar og liknande.

Det var han som fann rekstene som var eigaren, slik er det framleis. Det galdt å dra tinga så langt og trygt opp på land at sjøen ikkje fekk tak i dei og at ingen andre rørde dei. Det kunne verta haugar med ved. I haugen kunne det vera fiskekassar, bord, trestokkar og plankar. Det har hendt at ivrige sankarar har halde seg med ved gjennom vinteren. Rekstene gjekk inn som ein del av bruksøkonomien.

### Vrakplyndring

Det har nok hendt at saker og ting har forsvunne frå skip og vrak som har stranda. Det vanlege og normale har vore at folk heldt seg for gode til å stela. Det simplaste yrket er å vera tjuv. Stort betre var det ikkje å verta kalla vraktjuv. Det var mørkret og natta sine gjerningar. Det underlege var og er at gardsfolket i dei fleste høve visste kven det var som hadde synt at dei ikkje var mørkredde. I det minste hadde folk sine sterke mistankar om kor gods hadde teke vegen. Det ser likevel ut til at gardsfolket kunne slå seg saman og "ordna" opp. Men i det store og heile har folk vore ærlege.

### Kollasta for til sjøs

Ikkje alltid fekk folk løn for strevet med å berga last. Ein galeas – "Skulda" – forliste på Husvegg fulllasta med kol. Kollasta vart berga på turt land og lagt i haugar over vanleg flomål. Men vêret hadde ikkje folk kontroll med. Det rauk opp til storm att, og det vart ein veldig sjø som nådde kolhaugane og sopte med seg heile stasen til sjøs. Det vart så seint som i mai 2006 funne kolbitar kasta på land etter uvêr.

Ein gong hadde ein brigg gått på land på Nord-Varhaug. Stormen og storsjøen dreiv på med sitt arbeid, hamra og slo i skroget. Ein av losane kom ned til stranda og såg det stolte skipet verta knust i brotta. Eit sørgjeleg syn som får han til å seia: – Her ser det gale ut.

Ein av gardbrukarane lenger oppe i bygda hadde kome seg ned til stranda og såg for seg bergingsarbeid og inntekter, og han seier det han tenkte: – Her ser det jammen godt ut.

Han tenkte ikkje på skip, mannskap, reiar eller eigar av last, men at her vart det arbeid å få med å berga lasta i land først og sidan kanskje få vera med på hogging av skuta. Einkvar er seg sjølv nærmast.

Det kan oppfattast som om mange meir eller mindre mista sans og samling når det kom eit vrak i strandsteinane. Det vert herma etter lensmannen på Hårr: Når me får vrak, verte folk au vrak. Han hadde nok sett koss folk oppførde seg.

Når eit skip stranda, var det eigedomen til reiaeren eller til eit forsikringssselskap. Eigedom retten

til lasta var eit anna spørsmål som måtte avklarast. Berging av båt og last kunne vera farefullt arbeid, men det ga mange bønder ein ekstra skilling.

## Opphogging

Vraka etter strandingane vart hogde opp. Alt vart teke vare på. Ikkje ei flis måtte gå tapt. Når det vart tillyst auksjon over ein havarist, visste folk at her var det tauverk og taljer, seglduk og trematerial og elles alt det ei skute kunne innehalda. Auksjonarius var lensmannen. Ein gong steig gamlensmannen på Hårr opp på ein kasse i nauset på Stavnheim og såg på dei frammøtte. Han feste først augo på ein kar og peika på han i det han sa: Du kan gå for du kjøb inkje blokkje. Så peika lensmannen ut den neste: Du, du ska au gå, for du betala inkje.

Ser ein godt etter i eldre hus og løer, er det ikkje sjeldan at ein finn plank og slinder som ber sine tydelege spor etter trenaglar. Dragarane over mange hevdaløer har først tent som kjøl i ei skute. Kikar ein etter i gamle gardskvernar og ser etter på dragarane til bruer over bekker på Jæren, så kan ein finna solid trematerial frå skuter som anten har stranda eller som er opphogde. Slikt materiale er det i både kvernbygget og dragarane til brua over bekken nord for Bodle. I ei løe er sperra henta frå ei eller fleire master til ei større seglskute. Materiala til løa vart henta då sjøhusa til Kullimport AS i Hillevåg vart rivne i 1948. Løa står framleis. Her var det tale om gjenbruk.

## Skipsopphogging

Det var på tampen med skip av tre på slutten av 1800-talet, og dei vart sjeldnare og sjeldnare utetter 1900-talet. Etter kvart som treskroga hadde gjort si teneste, vart dei selde til opphogging. På Jæren hadde folk erfaring med å hogga opp forliste treskuter. Det vart skipa eit opphoggingslag på Varhaug i 1908 med 13-14 luthavarar. Laget kjøpte treskuter frå Stavan-ger, men dei fleste kom frå kyststripa sør- og austover.

Det vart slutt på treskutene – dei store seglfartya – og med det vart det og slutt på skipsopphogginga på Øyren, Varhaug og Husvegg. Bare ganske få treskuter vart hogde etter 1945. Laget på Varhaug vart oppløyst i 1954.

Denne skipsopphogginga må ein ha grunn til å tru hadde si rot i nettopp å ta vare på materiale frå seglfarty som av ein eller annan grunn ikkje lenger kunne gjera teneste på havet.

Treskutene vart nedrigga og slepte langs kysten. Til vanleg sytte ein for at det vart gjort i maks vêr. Eit slep som var utan rigg eller maskineri, var ikkje lett å halda styring på. Slepefartyet hadde kort slepar til fartyet som skulle setjast på land. Taubåten med slepet sette fart rett mot land, men måtte venda av og kappa slepetrossa før taubåten sjølv tok botn. Så heldt slepet god fart mot land der folk sto klare til å ta imot, og dela fartyet opp.

Mykje av arbeidet med å knusa fartyet var overla- te til naturen. Ein stolte på at sjøen med hjelp av strandura skulle mala skuta sund. Det skjedde til



Bergensbåten "Fosli" gjekk på grunn på Nord-Varhaug i 1908 og Varhaug opphogingslag vart skipa året etter.

*Foto: Ukjent. Stavanger Museum .*

vanleg, og det var god hjelp å få, men store delar måtte brytast sund med handmakt. Men det hende at vrak gjekk tapt. Sjøen drog det ut i uvêr.

Vrakhogging var eit tungt og møysommeleg arbeid. Dei som ein gong bygde skuta, hadde nagla og drive hud og dekk så godt saman at det på det nærmaste var eitt stort stykke. Ein hadde eige verkty til å driva ut trenaglane med. Merkenene etter naglane er godt synlege og kan gjerne brukast som eit kjennemerke på at det kan vera stokkar frå eit seglfarty. Det galdt å vera

varsam og ta delane så fint frå kvarandre at det var mon i å bruka dekksplank, spant og kjøl ein gong til før materiala ein gong langt framom alle horisontar hamna som ved i omnen. Det var ikkje til å unngå at ein del av vraket vart skrota til ved.

Det er lett å tenkja seg at det bare var tre i ei treskute, men under opphogginga vart det trekt ut kilovis med jern- og massingnaglar. Dei vart frakta til byen og selde som metallskrap.

## Stranda vart seld

Heile opphogginga var eit forretningsføretak. Under nedbrytinga av vraket vart materiala sorterte etter kvalitet og lagt i haugar. Då det ikkje var meir att å bryta, vart det tillyst auksjon. Dess større farty, dess meir materiale, dess meir folk møtte opp. Det vart reine festdagane. Var det store farty, kunne det jamvel henda at det vart auksjon over to eller fleire dagar. Ja, for var vêret brukande, kom det veldig mykje folk både for å by og handla, for å sjå og snakka med folk. Mange hadde truleg gått heime og tenkt ut nokre gode replikkar som kunne vera slåande. Her var lått og løye. Sume nytta høvet til å ta med seg ein skvett på lomma både for eigen strupe og for å dela med seg. Det var alltid servering av kaffi og mat under auksjonane. Det var fast takst.

Når ein bydar hadde fått tilslaget på ein materialhaug, gjekk auksjonarius sine folk og skar inn namnet på kjøparen. Det var viktig at ein fekk med seg heim det ein hadde betalt for. Ein henta gjerne varene dagen etter eller når ein kom til.

Sverre Varhaug hadde jern som vart nytta til å skjera inn namna med. Det var særlege knivar til å laga krumme linjer med som for 'o' og 's', og andre jern til å laga dei rette linjene i bokstavane.

Når vind og sjø, brekkjern og spett hadde drive på og slite i skroget, vart det ein del materiale som vart liggjande i strandsteinane. Når alt av materiale på land vart selt, så vart det utrop "på stranda". "Stran-



**Spelet til å dra opp store vrakdelar frå sjøen kom i 1916. Husa på Nord-Varhaug i bakgrunnen.**

*Foto: Forfattaren.*

da vart seld," heitte det. Det var veden som vart seld. Og det hende ikkje at noko vart liggjande att.

Nå er desse auksjonssamlingane heilt slutt. Folk har funne seg andre stader der dei kan møtast, høyra nytt anten det står til truande eller ikkje.

## Stillasa gjekk rett i sjøen

Per Obrestad og Sverre Varhaug fortalde at dei bare ein gong hadde opplevd å vera med på å sankta både plank og bord av større verde.

Under pionertida for oljeindustrien i Nordsjøen brukte engelskmennene trestillas under arbeid på og med plattformene. Når arbeidet var ferdig, hende det at heile stillas vart dumpa. Praktisk og grei måte



Til høyre:  
Vrakauksjon på  
Nord-Varhaug i 1950-åra.  
*Foto: Ukjent.*

Til venstre:  
Auksjonarius  
Sven Gausland.  
*Foto: Ukjent.*



å verta kvitt materiala på – og så billeg. Det var skikkeleg godt trevirke. Resultatet av denne effektive arbeidsmetoden var at det vart ein del rekster å finna i stranda. Ru plank på 5/4 ”.

Det har ikkje vore særleg å finna dei siste åra. Det vert mest kassar, pallar, ei og anna fjøla, men mest søppel som nylontau, pappkartongar og plastemballasje. Det kan vera forvitneleg nok med ein tur i strandkanten. Avfallet kjem med tekst på ”alle” verdsens språk.

Ei tid måtte ein sjå seg vel føre anten ein gjekk på steinane i strandkanten eller på sandstranda. Ein del klumpar med råolje var komne inn og la seg i sanden og på steinane. Olja var lite gild å få på klede og sko. Det mest spanande er å finna flaskepost, men det skjer ikkje ofte.